
Saksnr: 2020/62774-1
Saksbehandlar: Hanne Camilla Dyrnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		16.09.2020

Scenarioanalyse for konsekvensane av korona-pandemien - finansiering

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring løyver 1 million kroner til å finansiere scenarioanalysar for konsekvensane for næringslivet av koronapandemien. Midlane til scenarioanalysane vert løyvd frå disposisjonsfond (koronasituasjonen, ekstern støtte)

Samandrag

Vestland fylkeskommune har behov for å få utarbeidd scenarioanalysar for næringslivet i fylket. Scenarioanalysane skal knyte saman eksisterande kunnskap om næringslivet, særtekk ved Vestland, informasjon om korleis samfunnet generelt, og Vestland fylke spesielt, er råka av den pågåande covid-19-krisa og oljeprisfallet.

Scenarioanalysane er ledd i arbeidet med å utarbeide ein regional næringsplan basert på smart spesialisering-metodikken.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Ingrid Birkelund
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har gjennomført ein konkurranse om utarbeiding av scenarioanalysar for næringslivet i fylket.

Scenarioanalysane skal knyte saman eksisterande kunnskap om næringslivet, særtekk ved Vestland, informasjon om korleis samfunnet generelt, og Vestland fylke spesielt, er råka av den pågåande covid-19-krise og oljeprisfallet.

Scenarioanalysane er ledd i arbeidet med å utarbeide ein regional næringsplan basert på smart spesialisering-metodikken. Globale megatrender som vil påverke fylket på lengre sikt inngår også i analysen.

Initiativet til desse scenarioanalysane kom frå næringsråd, den regionale partnerskapen representert i den regionale analysegruppa, og fleire regionar i Vestland. Det var eit ønske at fylkeskommunen skulle ta initiativ til å få gjennomført ei slik scenarioanalyse for å førebu næringslivet i fylket på den nye kvardagen etter covid-19, samt lengre frem i lys av globale megatrender som grøn omstilling, robotisering o.l.

Utlysinga av konkurransen vart gjort med atterhald om finansiering. Kostnadsramma for oppdraget er på 1,5 mill. kr, der Vestland fylkeskommune sin del er inntil 1 mill. kr.

Vi har allereie mykje kunnskap om næringslivet i fylket før krisa, og ein del kunnskap om korleis næringslivet har utvikla seg under krisa. Vi manglar ein overordna analyse som samlar trådane frå eksisterande analysar for å trekkje ut essensen: kva er vi gode på, kva er vi best på, kor er vi sårbare, og så kople dette til utviklingstrekk regionalt, nasjonalt og globalt. Målet er å kunne seie noko om moglege scenario for næringslivet i Vestland som tar omsyn til potensial for utvikling i Vestland og korleis vi bør ruste oss for framtida.

Prosjektet omfattar samhandling med det regionale partnerskapet, og det vil bli etablert ei referansegruppe der desse aktørane er representert. Hovudoppdraget i prosjektet er analysar for Vestland fylke, og så vert det opna opp for at dei regionale aktørane kan bestille analysar for sin region.

Det vil vere ein styrke for analysen om det peiker på eventuelle tydelege geografiske skilnadar som kan ventast i ein gitt situasjon, til dømes om nokre utviklingstrekk slår inn ulikt i urbane og rurale strøk, kyst og innland eller liknande. Denne delen av analysen vil kunne vere eit godt utgangspunkt for dei regionale analysane.

Det er viktig å få ei avgjerd i denne saka no, slik at vi kan få laga analysen medan verknadene av covid-19 er ferske og aktuelle. Dette vil bidra til at næringslivet kan førebu seg på det som kjem etterpå. Dette er svært etterspurt av både regionane og næringsaktørane sjølve. Får vi gjennomført analysane no vil resultatane gje eit viktig datagrunnlag for næringsplanen. Analysane inngår også i andre planlagde prosesser denne hausten, som arbeidet i Kompetanseforum og med smart spesialisering.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, med heimel i Reglement for hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon §3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Stor innverknad. På kort sikt er det ei eingongsinvestering. På lang sikt er kan investeringa bidra til auka verdiskaping i Vestland.

Klima: Moderat innverknad. Analysen skal gjere greie for høve til grøn omstilling i Vestland

Folkehelse: Moderat innverknad. Analysen skal ta inn samfunnsmessige konsekvensar utover dei reint bedriftsøkonomiske, til dømes kva ei gitt utvikling vil bety for sysselsettingsgraden, sosial

ulikskap i arbeidslivet og kva krav det vil stille til kompetansen i arbeidsstyrken. Analysen vil også kunne få innverknad på integrering og mangfald i arbeidslivet.

Regional planstrategi: Moderat innverknad. Analysane vil kunne ha innverknad på næringsplanen.

Konklusjon

Vi har mykje kunnskap om næringslivet i fylket før krisa, og ein del kunnskap om korleis næringslivet har utvikla seg under krisa. Vi manglar ein overordna analyse som samlar trådane frå eksisterande analysar, slik at vi kan seie noko om moglege scenarior for næringslivet i Vestland som tar omsyn til potensial for utvikling i Vestland og korleis vi bør ruste oss for framtida.

Det er viktig å få ei avgjerd i denne saka no, slik at vi kan få laga analysen medan verknadene av covid-19 er ferske og aktuelle. Dette vil bidra til at næringslivet kan førebu seg på det som kjem etterpå. Dette er svært etterspurt av både regionane og næringsaktørane sjølve.